

Risikomatrise

Vedlegg C



Fyresdal

Sidetilvising

1 Innleiing	3
1.1 Metode og kriterium	4
1.2 Risikokategoriar	5
2 Risikovurdering	6
2.1 Forklaring av vurderingane	7
3 Praktisk bruk av risikomatrissa	8
3.1 Ansvars plassering og oppfølging	8

1 Innleiing

Risikomatrisa viser kor mykje risiko Fyresdal kommune har i selskapa sine.

Kvart selskap er vurdert ut frå:

- kor alvorleg det er dersom noko går gale (konsekvens)
- kor sannsynleg det er at noko går gale (sannsyn)

Resultatet blir klassifisert som:

- **Høg (H)** = krev tett oppfølging
- **Middels (M)** = følgjast opp jamleg
- **Låg (L)** = låg risiko, normal oppfølging

Risikomatrisa er ikkje eit krav etter kommunelova § 26-1¹, men er utarbeidd som eit verktøy i tråd med KS sine anbefalingar² og god praksis for eigarstyring.

Formålet er å gi kommunestyret eit betre grunnlag for:

- prioritering av eigarskapskontroll og selskapskontroll
- planlegging av eigaroppfølging og rapportering
- oversikt over økonomisk, juridisk og samfunnsmessig risiko

¹Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) av 01.05.2024

²KS (2020). Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll.

1.1 Metode og kriterium

Risiko er vurdert langs to dimensjonar³:

1. Kor alvorleg er det dersom noko går gale?
 - a. økonomisk eksponering (kapitalbinding, potensielt tap)
 - b. betydning for kritiske samfunnsfunksjonar (t.d. renovasjon, beredskap, energi)⁴
 - c. omdømmerisiko for kommunen
 - d. krav i lov og forskrift (regulatorisk risiko)
2. Kor sannsynleg er det at noko går gale?
 - a. marknads- og driftsrisiko (inntektsgrunnlag, kontraktar, avhengigheit av enkeltkundar)
 - b. teknisk og operativ risiko
 - c. prosjekt- og investeringsrisiko
 - d. styrings- og organisasjonsrisiko (kompetanse, kapasitet, eierstruktur)

Vurdering av låg sannsyn, men høg konsekvens

I enkelte tilfelle blir risiko vurdert som høg (H) sjølv om sannsynet er lågt. Dette gjeld særleg selskap med kritiske samfunnsfunksjonar, som beredskap, energi og avfall.

Grunnen er at konsekvensane ved svikt kan vere svært alvorlege. Risikovurderinga tek derfor også omsyn til kva kommunen ikkje har råd til at går gale, ikkje berre kva som er mest sannsynleg.

³ DFØ/SSØ (2005): Risikostyring i staten – håndtering av risiko i mål- og resultatstyringen s.7

⁴ DSB (2016): Samfunnets kritiske funksjoner s.9-19

1.2 Risikokategoriar

Høg risiko (H)

Kritisk samfunnsfunksjon og/eller stor økonomisk eksponering, strenge lov- og tilsynskrav, høg kompleksitet eller moglege vesentlege omdømmeverknader. Desse selskapa krev tett eigaroppfølging og regelmessig rapportering.

Middels risiko (M)

Viktig for kommunen, men med kontrollerbare scenario og moderat økonomisk og samfunnsmessig eksponering. Risiko kan i hovudsak handterast gjennom normal eigardialog og årleg rapportering.

Låg risiko (L)

Avgrensa økonomisk og operativ risiko, eller eigarskapet er primært strategisk/kulturelt. Følgjast opp gjennom ordinær rapportering utan særskilde kontrolltiltak, med mindre risikobiletet endrar seg.

Kombinerte kategoriar som M/L og L/M er brukte der risikoen ligg i overgangssona, og der enkeltfaktorane (t.d. samfunnsrolle vs. økonomisk eksponering) trekk i ulik retning.

2 Risikovurdering

Selskap	Risiko	Kort forklaring
FN Eigedom AS	M	Leigerisiko og profesjonell forvaltning, men moderat kapitaleksponering
Fyresdal Næringshage AS	M/L	Avhengig av stabil leige- og utviklingsportefølje
Fyresdal Vekst AS	M	Strategisk utviklar, prosjekt- og marknadsavhengig, men kontrollerbar eksponering
Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKS	L	Arkivdepot og rådgjeving, lovpålagt funksjon men låg økonomisk eksponering
Kommunekraft AS	L	Non-profit, liten eigardel, minimal risiko
Kraftkompetanse KO	L	Kompetansemiljø, ikkje operativ risiko eller kapitaleksponering
RenoVest IKS	H	Kritisk samfunnsfunksjon, regulatorisk press, miljøkrav, EU-taksonomi, høg driftseksponering
Sør-Øst 110 IKS	H	Beredskap, nødetatfunksjon, IKT-sikkerheit 24/7, høg samfunnskriticalitet
Telemark Bilruter AS	M	Omstilling, offentlig kontraktsavhengig, transportkritisk funksjon
Telemarkrøye AS	M/L	Smal marknad og produksjonsrisiko, men avgrensa kommunal eksponering
Vestfold og Telemark Revisjon IKS	L	Lovpålagt revisjon, stabil drift og minimal økonomisk risiko for kommunen
Vestfold, Telemark og Agder Kontrollutvalgssekretariat IKS	L	Lovpålagt, uavhengig sekretariat, minimal økonomisk risiko
Vest-Telemark Blad AS	L	Kulturell/strategisk rolle, låg økonomisk risiko

Vest-Telemark Brann og Redning IKS	H	Kritisk beredskapsfunksjon, lovpålagt teneste og høg samfunnskonsekvens ved svikt
Vest-Telemark Kraftlag Holding AS	H	Energi- og digital infrastruktur, store investeringar, marknads- og taksonomirisiko
Vest-Telemark Næringsbygg AS	L/M	Regional delt eiging og moderat investerings- og marknadsrisiko

2.1 Forklaring av vurderingane

Selskap innan avfall, beredskap og energi/infrastruktur er vurdert høgt (H) fordi dei fell inn under nasjonale definisjonar av samfunnskritiske funksjonar og kritisk infrastruktur, og har høg konsekvens ved svikt ^{5 6}.

Selskap som næringsutvikling, eigedom og transport ligg typisk i M: dei har betydning for lokalsamfunn, arbeidsplassar og utvikling, men risikoen kan i stor grad handterast gjennom eigarstyring, avtaleregulering og ordinær rapportering.

Selskap med avgrensa eigardel, non-profit-profil eller hovudsakleg kultur-/demokratifunksjon (som Kommunekraft og Vest-Telemark Blad) er vurdert som L, fordi dei har liten finansiell risiko for kommunen, samstundes som kommunen har interesse i å vidareføre eigarskapet av andre grunnar (strategisk, fagleg eller kulturelt).

⁵ DSB (2016): Samfunnets kritiske funksjoner

⁶ Regjeringa (2021): Liste over kritiske samfunnsfunksjoner

3 Praktisk bruk av risikomatrisa

Risikomatrisa skal vere eit praktisk verktøy for:

- **Kontrollutvalet**
 - ved prioritering av selskapskontroll og oppfølging av eigarskapskontroll.
- **Kommunedirektøren**
 - ved planlegging av årleg eigardialog, bestilling av rapportering og vurdering av behov for særskild oppfølging.
- **Kommunestyret**
 - ved strategiske eigarvedtak, gjennomgang av eigarporteføljen og vurdering av eventuelle endringar i eigarskap.

Prioriterte kontrollobjekt bør i hovudsak hentast frå selskap i kategori H, og selskap i øvre del av M (der risiko, samfunnsbetydning eller kapitalbinding er særleg høg).

3.1 Ansvarsplassering og oppfølging

Selskap i kategori H skal ha særskild eigaroppfølging frå kommunedirektøren, i dialog med kontrollutvalet, og rapportere etter mal og frekvens fastsett i eigarskapsmeldinga.

Risikomatrisa skal vurderast og oppdaterast minst ein gong årleg, eller når det skjer vesentlege endringar i selskap, marknad eller regelverk som påverkar kommunen si risikoeksponering.